

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Tidlig innsats



**Herøy Kommune**

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

# Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «*Tidleg innsats- Herøy kommune*».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemد, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderinger av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke kommuneadministrasjonen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 05.03.18

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

## Innhold

SAMANDRAG .....	5
Grunnskulen .....	5
Barnehage .....	5
PPT:.....	5
Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen? .....	6
Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov? .....	7
Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakhandsamingstida som går fram av lov og forskrift? .....	8
Anbefalingar .....	8
1 INNLEIING .....	9
2 Målsetting og problemstilling .....	9
3 Revisjonskriterium.....	9
3.1 Innleiing .....	9
3.2 Kjelder til kriterium.....	9
4 Metode og gjennomføring .....	10
4.1 Dokument.....	10
4.2 Verifikasiing av data.....	11
4.3 Avgrensing .....	11
5 Sektor for oppvekst– Herøy kommune .....	11
5.1 PPT.....	11
5.2 Grunnskulen .....	11
5.3 Barnehage.....	11
6 Problemstilling 1.....	12
6.1 Revisjonskriterium .....	12
6.1.1 Opplæringslova med føringar: .....	12
6.1.2 Barnehagelova:.....	13
6.2. Fakta: Tilstanden ved barnehagane i kommunen:.....	14
6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen.....	14
6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen.....	16
6.2.3 Minoritetsspråklege barn.....	16
6.3 Vurdering: Tilstanden ved barnehagane i kommunen.....	17
6.4 Fakta: Tilstanden ved skulane i kommunen:.....	17
6.4.1 Nasjonale prøver .....	17
6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen .....	19
6.4.2 Leksehjelp.....	20

6.5 Vurdering Tilstanden ved skulane i kommunen:	20
6.5 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:	21
6.5.1. Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule	21
6.5.2 Vurdering	23
6.6 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:	23
6.6.1 Fakta	23
6.6.2 Vurdering	25
6.8 Sakkyndige vurderinger og enkeltvedtak i barnehage og skule	26
6.8.1 Fakta	26
6.8.2 Vurdering	26
6.9 Konklusjon	27
7 Problemstilling 2	27
7.1 Innleiing:	27
7.2 Revisjonskriteritum:	27
7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule	27
7.2.2 Oppsummert:	28
7.3 Fakta:	28
7.3.1 Overgangsplan mellom barnehage og skule	28
Vurdering: overgangsplan mellom barnehage og skule:	31
7.3.2 Samarbeid mellom barnehage og skule	31
Vurdering: Samarbeid mellom barnehage og skule:	32
7.3.3 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette	32
Vurdering: Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette	33
7.4 Konklusjon:	33
8 Problemstilling 3	33
8.1 Revisjonskriterium:	34
8.2 Fakta:	34
8.2.1 Organisering	34
8.2.2 Tilvisingar	35
8.2.3 Ventetid og venteliste	35
8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering)	36
8.3 Vurdering:	37
8.4 Konklusjon	37
9 Anbefalingar	38
10 Rådmannen sin kommentar	38

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 07/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. «Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk og innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheiter i lesing og rekning.

Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidleg i gong med tilrettelagt undervisning og evt. spesialundervisning i grunnskulen.

### Grunnskulen

Herøy kommune har 5 barneskular, 1 ungdomsskular og 1 kombinert skule 1-10. For skuleåret 2016/17 omfatta dette 1052 elevar der 749 elevar var knytt til 1-7 årstrinn og 303 var knytt til 8-10 årstrinn.

Oversikta viser at 6,6% av elevane i Herøy tok i mot spesialundervisning i 2016. Ein såg tendensar til at ein større andel elevar fekk spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre. Dette såg ein også i Herøy.

### Barnehage

I Herøy kommune har ein fire kommunale og fem private barnehagar. SSB-tal viser at 474 born gjekk i barnehage i 2016. 115 av dei gjekk i kommunal barnehage og 359 gjekk i privat. Ut i frå KOSTRA hadde kommunen venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser ein låg andel tilsette med barnehage utdanning og ein mindre del med ped.leiar utdanning.

I Herøy såg ein låge driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg rett over fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar. Herøy låg over gjennomsnittet når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre.

### PPT:



Herøy kommune har eiga pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). Ulstein har tidlegare hatt felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Hareid kommune. Hausten 2017 kom Ørsta og Volda inn i dette samarbeidet. Sande og Vanylven har felles PP-teneste.

Herøy hadde 5,05 årsverk knytt til stillinga i 2017. Ein har motteke ei oversikt over dei ulike stillingane i eininga. Eininga har ei 100% stilling knytt til leiar/sakshandsamar. I tillegg har ein 5 sakshandsamarstillingar med ulik stillingsprosent (totalt 3,55 årsverk) og ein merkantil tilsett i 50% stilling.

## Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

Revisjonskriterium		Kommentar
1 PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilmelding til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.		PPT har faste rutinemøter ute på einingane der ein assisterer og tilbyr tenester ut i frå einingane sine behov og ønsker mht, systemretta og førebyggjande arbeid.
2 Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elevar med svake ferdigheiter.		Skulesektoren tildelar timeressursar knytt til styrking og/deling som skal nyttast i høve tidleg innsats. Det er rektor ved kvar enkelt skule som på bakgrunn av fordelingsnøkkelen fordeler ressursane på dei klassene/gruppene en ser det som mest hensiktsmessig. Dermed har rektor kvart år ein pott som ein kan bruke på å styrke klassene mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring.
		Kommunen har utarbeida felles leseplan og skulane har utarbeida lokale leseplanar på bakgrunn av denne. Skulane nyttar Udir sine kartleggingsprøver for å sikre at elevar vert fanga opp tidleg.  No som kommunen har slått saman barnehage- og skuleseksjonane i sektor for oppvekst bør kommunen vurdere om ein skal utarbeide ein felles skrifteleg kvalitetsplan for oppvekstsektoren. Ein slik plan vil kunne bidra til at ein får ei felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve til bla. tidleg innsats gjennom heile utdanningsløpet (både barnehage og skule). Slik felles kvalitetsplan har bla. vore utarbeidd og implementert i Hareid og Volda og ein har fått positive tilbakemeldingar på dette arbeidet.
3 Det skal også leggjast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.		Kommunen har skriftlege rutinar i høve saksgangen knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen.  PPT er også inne i barnehagane på faste rutinemøter for å observere og fange opp born/elever med svake ferdigheiter.  Barnehagane hadde ulike kartleggingsverktøy som vert nytta i undersøkingsfasen og ved bekymring.
4 Skulen skal prøve ut tiltak for å gi eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkyndig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.		Skulane hadde felles skriftleg prosedyre før tilmelding til PPT. Alle skulane revisjonen var i kontakt med informerte om at prosedyrane blei nytta aktivt.
5 Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.		Barnehagar og skular beskriv samarbeidet med PPT som godt. PPT deltek på mange forskjellige arenaer både i skulen og i barnehagane og driv med systematisk og førebyggjande ute på einingane. PPT har faste møtetider i skulane og barnehagane.
6 Kommunen skal sørge for minimum 8 timer pr veka gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.		Revisjonen vurderer rettleiaren slik at kommunen skal tilby minimum 8 timer i veka til kvar elev i løpet av grunnskulen. Skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Ved to av skulane ein har kontrollert oppfylte ikkje kommunen krava til utdanningsdirektoratet i høve antal timer leksehjelp i veka. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at ein oppfyller krava i høve leksehjelp ved alle skulane.

## Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

Revisjonskriterium		Kommentar
1	Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjer premissene for overgang mellom barnehage og skule.	 <p>Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Alle einingane hadde kjennskap til planen og nytta den aktivt .</p>
2	Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).	  <p>Generelt fekk ein tilbakemelding om at overgangsplanen vart følgt og at det i hovudsak er rektor/inspektør og styrar i barnehagane som har dialog og kontakt i overgangsfasen og spesielt retta mot born med vanskar/utfordringar. I tillegg gav alle skulane og barnehagane tilbakemelding om at det vert gjennomført minst eit skulebesøk kvart år.</p> <p>Overgangsplanen inneholder ikkje konkret informasjon om korleis kontaktlærar skal involverast i overgangsarbeidet. Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i varierande grad vert involvert i førskullearbeid/aktivitetat. Administrasjonen har gitt tilbakemelding om at kontaktlærar skal delta på overføringsmøta mai/juni, alternativt før skulestart i august. Kommunen bør innarbeide desse rutinane i overgangsplanen.</p>
3	Alle barn bør få eit tilfredstillande møte med skulen.	 <p>Kommunen har skriftelege rutinar for å fange opp alle barn i kommunen. I plan for overgang går det bla. fram at barnehagekonsulent skal sende barnetalslister til skulane og barnehagane, og at skulane sender invitasjon i høve førskuledag og innskriving til foreldre og førestrette med kopi til barnehagane. I tillegg skal det sendast oppdatert barnetalsliste til einingane i januar. Oppvekstkontoret og skulane har derfor eit ansvar for å fange opp dei borna som ikkje går i barnehage.</p>
4	Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.	 <p>Kommunen har rutinar for at foreldre/førestrette signerar samtykkeerklæring ved informasjonsoverføring mellom bhg og skule. Samtykkeskjemaet inneholder konkrete detaljar over kva informasjon som vert overført.</p> <p>Alle barnehagane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.</p>

### Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Revisjonskriterium		Kommentar
1 PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT.		<p>Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging.</p> <p>Einingane og PPT rapporterte ikkje om venteliste og nye saker vert tatt fortløpande.</p> <p>Ut i frå tilbakemeldingane til PPT er det ikkje mogeleg å hente ut statistikk i høve sakshandsamingstid frå datasystemet på ein god og effektiv måte. Derfor er det ikkje mogeleg å kontrollere om ein er innanfor 3 månadar i høve sakshandsamingstida og ein kan derfor ikkje konkludere på dette emnet</p>

### Anbefalingar

1. Overgangsplanen bør innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage.
2. Kommunen bør vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
3. Kommunen bør setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar mht. antal timar leksehjelp ved alle skulane.

## 1 INNLEIING

Kontrollutvalet i kommunen gjorde vedtak (07/17) om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med hensyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

## 2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med hensyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der ein samanlikna dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

- 1. Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- 2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**
- 3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakhandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

## 3 Revisjonskriterium

### 3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

### 3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- Opplæringslova:**  
Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd samt spesialundervisning for barn, unge og vaksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder, også dei som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- Barnehagelova:**  
**17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.**

Det går fram av §19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp. At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

- **Rettleiar: Overgang for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.**  
Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen frå barnehage til første årstrinn og eventuelt til skulefritidsordninga. Dette skal skje i et nært samarbeid med heimen. Barnehagen og skulen bør ha ein god dialog og informasjonsutveksling, og det bør leggast til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på en god måte, glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er en samanheng mellom barnehage og skule. Rettleiaren gir detaljert informasjon om korleis denne samhandlinga bør skje, og korleis foreldre/førestvette bør involverast.
- **Forvaltningslova:**  
Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 4 Om «*saksforberedelse ved enkeltvedtak*». Då spesielt med omsyn til foreldra sin rett til innsyn og involvering i dokumentasjonsoverføringa mellom barnehage og skule.

Revisjonskriteria vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

## 4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. I vår revisjon vil vi basere oss på analyse av relevante dokument, rutinar, korrespondanse, samt samtaler/ intervju med administrasjonen (PPT, oppvekstkontoret, rektorar og barnehagestyrarar). Ein viktig del av revisionen vil også vere å gjennomføre ei spørjeundersøking/kartlegging til eit utval rektorar og barnehagestyrarar for å vurdere korleis barna i kommunen med behov for spesialpedagogisk hjelp vert fanga opp mht. tidleg innsats.

I tillegg er det gjennomført ei samanlikning av nøkkeltal mellom dei ulike kommunane mht. emnet. Tala er henta frå KOSTRA og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet) og GSI.

### 4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Interne rutinar PPT
- Interne rutinar skule og barnehage

## 4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 13.03.18 Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

## 4.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er knytt opp i mot tidleg innsats innan barnehage og opplæring. Sentrale lover ein kontrollerer opp i mot vil vere barnehagelova og opplæringslova, med tilhøyrande forskrifter og rettleiarar. Gjennomgang av tilpassa opplæring og korleis denne blir gjennomført er ikkje ein del av prosjektet. Det inngår heller ikkje å vurdere sakshandsaminga i forbindelse med spesialundervisning. Det er barnehage og småskulen som er sentralt i denne forvaltningsrevisjonen og som har fokus, og ein har halde helsetenester, barnevern og andre tenester utanom.

# 5 Sektor for oppvekst- Herøy kommune

## 5.1 PPT

Herøy kommune har eiga pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). Ulstein har tidlegare hatt felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Hareid kommune. Hausten 2017 kom Ørsta og Volda inn i dette samarbeidet. Sande og Vanylven har felles PP-teneste. PPT skal hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta skal i tillegg vere eit sakkunnig organ.

Det går fram meir informasjon om PPT (bla. antal saker og sakshandsamingstid) i kapittel 8.

## 5.2 Grunnskulen

Herøy kommune har 5 barneskular, 1 ungdomsskular og 1 kombinert skule 1-10. For skuleåret 2016/17 omfatta dette 1052 elevar der 749 elevar var knytt til 1-7 årstrinn og 303 var knytt til 8-10 årstrinn.

## 5.3 Barnehage

I Herøy kommune har ein fire kommunale og fem private barnehagar. SSB-tal viser at 474 born gjekk i barnehage i 2016. 115 av dei gjekk i kommunal barnehage og 359 gjekk i privat.

## 6 Problemstilling 1

### Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

#### 6.1 Revisjonskriterium

##### 6.1.1 Opplæringslova med føringar:

###### § 1-3. *Tilpassa opplæring og tidleg innsats*

*Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten.*

*På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.*

PPT er ei lovpålagt teneste for kommunane (opplæringslova § 5-6 PPT sitt virkeområde går bl.a. på kunnskapsdepartementet sine sider at:

*«PP-tjenesten gir systemrettet støtte til barnehager og skoler i form av råd og veiledning om pedagogisk ledelse, gruppeledelse, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål. PP-tjenesten skal også støtte barnehagen og skolen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringen bedre til rette for barn og unge med særlige behov.*

*PP-tjenesten gir individrettet støtte i form av sakkunnig vurdering i de tilfeller loven krever det.*

*PP-tjenesten kan bli spurt om råd i forhold til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder (§5-7), tidleg skolestart (§2-1, tredje ledd), utsatt skolestart (§2-1, tredje ledd), tegnspråkopplæring før opplæringspliktig alder, i grunnskolen og i videregående opplæring (§2-6., §3-9)....»*

All undervisning skal ifølgje opplæringslova vere tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnader. Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar som treng ekstra utfordringar. Skolen skal aktivt ta omsyn til variasjonar blant elevane gjennom læringsmiljø, metodebruk og pedagogikk. (Utdanningsspeilet 2016, s 35).

Spesialundervisning, som er heimla i opplæringslova § 5-1, er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring.

«Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Det er viktig og prioritere førebygging. Prinsippet om tidleg innsats er konkretisert i opplæringslova. Her har skulane ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassestrinn i faga norsk eller samisk og matematikk. Innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheter i lesing og rekning, der formålet er å styrke dei grunnleggande ferdighetene i lesing og rekning på tvers av fag.

I seinare tid har det vore generelt fokus på betre tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga, slik at elevane oppnår betre meistring og behovet for spesialundervisning kan reduserast .

I tillegg til føringane ovanfor går det fram i opplæringslova **13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp:**

*Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.*

*Tilboden skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilboden, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.*

Det går vidare fram i føreskrift til opplæringslova at:

#### **§ 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen**

*Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timer kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.*

*Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.*

*Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.*

*Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilboden som gis.*

#### **6.1.2 Barnehagelova:**

17 juni 2016 fekk barnehagelova tilført eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp. Det går fram av §19 a. (Rett til spesialpedagogisk hjelp). At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlige behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

#### **§1 Forskrift om pedagogisk bemanning**

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

#### **§ 19 c. Pedagogisk-psykologisk tjeneste**

*Kommunens pedagogisk-psykologiske tjeneste er sakkunnig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagede sakkunnige vurderinger.*

*Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagertilbudet for barn med særlige behov.*

## Oppsummering

- PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.
- Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheter.
- Det skal også leggast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.
- Barnehagen og skulen skal prøve ut tiltak for å gi barnet/elev tilfredstilende utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkunnig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.
- Kommunen skal sørge for minimum 8 timer pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.

## 6.2. Fakta: Tilstanden ved barnehagane i kommunen:

### 6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen

Ein del barnehagefaktorar er viktige med tanke på tidlig innsats. For å avdekke læringsutfordringar på eit tidleg tidspunkt er kompetanse og ressursar viktig. Ein har derfor sett på dekningsgrad og pedagogitettheit i barnehagane.

**Tabell 1: Dekningsgrad i barnehagane 1.**

**Herøy kommune, kommunane på Søre Sunnmøre, fylke og landsgjennomsnitt.**

2016	Herøy	Ulstein	Vanylven	Sande	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	95,3	98,4	91,1	86,5	87,1	98,4	93,2	92,6	91,5
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	87,8	90,5	77,5	75	80,9	89,1	87,4	84	82,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	100	103,6	97,6	92	91,4	104,4	96,7	97,8	97,2

(kjelde KOSTRA)

Vi ser av tabellen ovanfor at Herøy kommune låg over fylke- og lands gjennomsnittet i høve andel barn i alderen 1-5 år med barnehageplass . Kommunen låg under Ulstein og Volda. Ser ein vidare på andelen 1-2 åringer låg Herøy også her over fylkesgjennomsnittet, landsgjennomsnittet. I høve andel barn i alderen 3-5 år låg kommunen også her over

gjennomsnittet for fylke og landet med 100% andel. Generelt ser vi at ca 12% av foreldre har borna heime i alderen 1-2 år, medan alle borna mellom 3-5 år går i barnehage.

**Tabell 2: Dekningsgrad i barnehagane 2: Herøy kommune i perioden 2010-2015.**

Herøy	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	95,8	95,5	93,3	96,6	94,2	93,6	95,3
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	91,2	87,2	83,3	91,3	87	85,3	87,8
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	98,5	100,6	100	100,3	98,2	98,2	100

Tabell 2 viser utviklinga i dekningsgraden til kommunen i perioden 2010-2016. Ein ser mindre svingingar i perioden. For barn i alderen 1-5 år var dekningsgraden i 2015 (93,6%). I 2016 var andelen på 95,3%.

**Tabell 3. Barn på venteliste**

2016	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Barn med rett til barnehageplass på venteliste	:	:	:	4	:	:	8	135	2900

Tabellen viser andel barn med rett til barnehageplass på venteliste. Oversikta viser at Ulstein (4) og Ørsta (8) var dei einaste kommunane i Sjøstjerna som har rapportert om venteliste i 2016.

**Tabell 4: Kompetanse blant dei tilsette i barnehagane:**

Herøy kommune 2010-2015 (låg ikkje føre fullstendige tal for 2016)

Herøy	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	24,3	23,6	22,8	28,4	28,5	29,6
Andel ansatte med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	1,8	2,2	2,8	2,4	1,2	3,6
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelærerutdanning	93,2	78,8	65,1	79,7	88,5	81,4
Andel styrere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	10	0	0	0	..	..
Andel pedagogiske ledere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	2,9	9,5	5,7	8	2,3	4,2
Ansatte i alt alle barnehager	169	178	180	169	165	169
Ansatte i alt med barnehagelærerutdanning alle barnehager	41	42	41	48	47	50
Ansatte i alt med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder alle barnehager	3	4	5	4	2	6
Antall styrere alle barnehager	10	10	10	9	9	11
Pedagogiske ledere alle barnehager	34	42	53	50	43	48

Andelen tilsette med barnehagelærarutdanning har gradvist auka i perioden frå 24,3% i 2010 til 29,6% i 2015. Ser ein dette opp i mot antal tilsette i barnehagane hadde 50 av 169 tilsette barnehagelærarutdanning i 2015.

## 6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen

I KOSTRA går det fram informasjon om tilrettelagte tiltak gjennomført i barnehagen.

Funksjon 211 "Tilrettelagte tiltak" - Barnehagar	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f211) per barn som får ekstra ressurser, alle barnehager	108 692	57 000	46 393	66 614	54 806	65 381	106 661	74 114	66 707
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	157 000	119 125	78 941	461 600	89 447	102 162	160 537	102 831	88 556
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (%)	9,8	20,8	18,1	16,7	22,3	13,4	10,3	15,6	16,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager (%)	12,2	17,8	14,2	7,5	28,8	15	11,5	17,1	19,8
Korrigerte brutto driftsutg. per barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser (f211) i komm. barnehage, konsem	1 413 000	953 000	..	1 154 000	424 875	472 500	731 333	463 543	487 863
Andel barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. barnehager	1,4	2,2	0	3	6,1	3,2	2,5	3,8	3,6

Oversikta viser at det er store forskjellar mellom kor mykje kvar enkelt kommune brukar på tilrettelagde tiltak til førskulebarn (både kommunale og private barnehagar). Det skal derimot nemnast at små barnegrupper kan gi stort utslag i kvar enkelt kommune. Vanylven og Ørsta hadde dei høgaste brutto driftsutgiftene til styrka tilbod til førskulebarn med hhv. 108 692 kr og 106 661kr pr barn. Dei andre kommunane hadde utgifter på mellom 46 000kr til 67 000kr. Herøy hadde lågast av kommunane på Søre Sunnmøre med 46 393kr, medan gjennomsnittet for fylket var 74 114kr.

Det er også interessant å sjå at utgiftsnivået knytt til tilrettelagte tiltak generelt sett for alle kommunane er høgare i dei kommunale barnehagane enn i dei private. Dette kan tyde på at det vert nytta meir ressursar knytt til tiltak i dei kommunale barnehagane enn i dei private, men enkelte barn som treng ekstra store ressursar kan gjere store utslag.

Ein såg store forskjellar i andelen barn som fekk ekstra ressursar i førskulealder i dei ulike kommunane. Hareid og Sande hadde høgaste andelen med hhv. 22,3% og 20,8%. Medan Vanylven og Ørsta hadde den lågaste andelen med hhv. 9,8% og 10,3%. Herøy (18,1%), Ulstein (16,7%) og Volda (13,4%) låg rundt landsgjennomsnittet på 16,4%. Ein registrerte ikkje nokon samanheng mellom andelen born som fekk tiltak i kommunale barnehagar enn i dei private. I enkelte kommunar var det størst andel i kommunale barnehagar (Vanylven, Hareid, Volda og Ørsta) medan i Sande, Herøy, Ulstein var det størst andel i dei private.

## 6.2.3 Minoritetsspråklege barn.

Alle elever har krav på tilpassa og differensiert opplæring ut frå eige grunnlag og behov. En skule basert på likeverd er avhengig av at alle elevar får dei same moglighetene til å utvikle seg. Minoritetsspråklige barn/elevar er barn som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk.

Auken i minoritetsspråklege barn kan gi ei utfordring for kommunane i høve å legge til rette og kunne gi dei den tilpassa opplæringa dei har krav på. Vi har derfor også sett på andelen minoritetsspråkelege barn i barnehage i dei ulike kommunane.

<b>Minoritetsspråkelige barn 2015</b>	<b>Vanylven</b>	<b>Sande</b>	<b>Herøy</b>	<b>Ulstein</b>	<b>Hareid</b>	<b>Volda</b>	<b>Ørsta</b>
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	7,6	15,8	17	14,5	18,3	11,3	7,6
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 0-5 år	63	59	91	76	66	93	63

Tabellen viser kor stor andel av borna med barnehageplass som var minoritetsspråkelege. Hareid og Herøy hadde høgaste andelen med hhv. 18,3% og 17%, men Sande og Ulstein hadde også ein høg andel med 15,8% og 14,5%. Volda hadde ein andel på 11,3 %, medan Ørsta og Vanylven hadde lågaste andel av kommunane med 7,6%.

### **6.3 Vurdering: Tilstanden ved barnehagane i kommunen**


Ut i frå KOSTRA hadde kommunen venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser ein låg andel tilsette med barnehage utdanning og ein mindre del med ped.leiar utdanning.

I Herøy såg ein låge driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg rett over fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar. Dette kan tyde på at ein i Herøy har ein gjennomsnittleg andel barn som får ekstra ressursar, og at desse er under gjennomsnittet ressurskrevjande i høve fylkes- og landsgjennomsnittet. Herøy låg over gjennomsnittet når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre, der Ørsta og Vanylven hadde den lågaste andelen.

### **6.4 Fakta: Tilstanden ved skulane i kommunen:**


#### **6.4.1 Nasjonale prøver**

Innleiingsvis har vi sett nærmere på nokon data frå utdanningsdirektoratet si tilstandsvurdering av grunnskulen og samanlikna kommunane på Søre opp i mot kvarandre, fylke- og landsgjennomsnitt. Vi har spesielt sett nærmere på resultat frå nasjonale prøver på 5 .trinn, då vi meiner at desse gir ein peikepinn på den læringa som har skjedd i 1-4 klasse. Sidan desse kartleggingsprøvene blir gjennomført på hausten, seier dei lite om opplæringa på 5.trinn. Kartleggingsprøvene blir gjennomført i engelsk, lesing og rekning, og er delt inn i tre mestringsnivå: Mestringsnivå 1, som er lågast, mestringsnivå 2 er middels og mestringsnivå 3 er høgast.

**Figur 1: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17****Engelsk. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**


Herøy (M. og R.) kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjøn

Engelsk:	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	50	51	49	53	49	48	48
2015-16	49	50	52	51	47	47	51
2016-17	51	48	49	50	51	49	49

**Figur 2: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17****Lesing. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**

Herøy (M. og R.) kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjøn

Lesing:	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	46	52	48	49	50	48	50
2015-16	46	49	53	50	46	46	49
2016-17	50	49	49	50	47	50	50

**Figur 3: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17****Rekning. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**

Herøy (M. og R.) kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjør

Rekning:	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	48	53	50	54	52	48	49
2015-16	48	49	48	53	49	47	55
2016-17	48	49	50	50	49	48	49

Eit moment som det ikkje er teke høgde for i tabellane ovanfor er fritaksprosenten for deltaking på prøvene for elevar som openbart ikkje vil få utbytte i læringssamanhang, det vil også vere naturleg med forskjellar mellom ulike klassesetrinn/elevgrupper. For alle skuleåra låg det føre tal for engelsk, lesing og rekning. Generelt sett for dei tre prøvene såg ein for dei fleste åra at ca halvparten av elevane var låg på mestringsnivå 2 medan den andre halvparten fordelte seg på mestringsnivå 1 (20-35%) og 3 (15 -25%). Kommunen hadde for dei fleste åra og prøvene fleire elevar på mestringsnivå 1 enn på mestringsnivå 3.


#### **6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen**

Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 6,6% av elevane i Herøy fekk spesialundervisning i 2016. Dette er ein marginal auke frå 2015 der 6,2% av elevane tok i mot spesialundervisning. 6,6 % er om lag på gjennomsnittet for nabokommunane, men under fylkes- og landsgjennomsnittet. Andel årstimar til spesialundervisning av totale lærartimar var 16,2% og under lands- og fylkesgjennomsnittet.

År 2016	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Romsdal	Møre og Landet uten Oslo
Andel elever i grunnskulen som får spesialundervisning	6,6	8,2	3,8	6,7	5,7	7,8	7,3	8,6	7,8
Andel elever i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	4,3	3,4	2	5,1	4,6	5,4	4,4	6,6	5,2
Andel elever i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	5,4	11,4	4,1	8,3	8,9	9,3	7,4	9,4	9,2
Andel elever i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	10,7	10,6	5,4	7	3,6	9,7	11,1	10,4	10,1
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	16,2	10	11,3	19,3	21,8	25,3	15,2	18,8	17,5

#### **Spesialundervisning fordelt på klassesetrinn:**

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg tendensar til at ein større andel elevar får spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane. I Herøy ser ein også denne tendensen. Der ein ser ei auke i andel spesialundervisning spesielt i på ungdomstrinnet samanlikna med småskulen.



#### 6.4.2 Leksehjelp

Opplæringslova gir elevar i grunnskulen rett til leksehjelp. Kommunen skal tilby minimum åtte timer i veka til kvar elev i løpet av grunnskulen og kommunen/skulen avgjer korleis dei åtte timane skal fordelast på dei ulike årstrinna. Nedanfor går det fram informasjon om korleis leksehjelp blir praktisert i kommunen. Ein har vore i kontakt med rektor på 3 av skulane i kommunen for å få eit innblikk i korleis ordninga fungerer.

Skulane som revisjonen har vore i kontakt med hadde forskjellig organisering av leksehjelp. Ved Moltu skule blei det tilbydd 2 timer i veka retta mot 3. og 4. klasse. Ved Stokksund skule blei det tilbydd 1 time i veka til 2. -7. klasse og det blei ikkje tilbydd leksehjelp på ungdomsskuletrinnet. Ved Einedalen blei det tilbydd 1t etter skuletid måndag – ein time etter skuletid onsdag og 1 t før skulestart( skulen startar 8.45) torsdagar til alle elevane. Alle klassestega (1.-7.) har derfor tilbod om intill 3 timer pr veke.

#### 6.5 Vurdering Tilstanden ved skulane i kommunen:

Oversikta viser at 6,6% av elevane i Herøy tok i mot spesialundervisning i 2016. Ein såg tendensar til at ein større andel elevar fekk spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre. Dette såg ein også i Herøy.

Revisjonen vurderer rettleiaren slik at kommunen skal tilby minimum 8 timer i veka til kvar elev i løpet av grunnskulen. Skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Ved eine skulen fekk elevane på 3. og 4. trinn 2 timer i veka ( totalt 4 timer i veka). Ved den andre skulen blei det tilbydd 1 time i veka til elevane på 2.-7. trinn (totalt 5 timer i veka). Ved den tredje skulen blei det tilbydd 3 timer i veka til 1.-7 klasse (totalt 21 timer i veka). Ved to av skulane ein har kontrollert oppfyller ikkje kommunen krava til utdanningsdirektoratet i høve antal timer leksehjelp i veka. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at ein oppfyller krava i høve leksehjelp ved alle skulane.

## 6.5 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:

### 6.5.1. Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule.

Ein har hatt samtale med eit utval rektorer og styrarar ved skular og barnehagar i kommunen. I den samanheng har ein fått tilbakemelding på kva systemretta førebyggjande arbeid som blir gjennomført på dei ulike einingane og korleis PPT deltek ute på einingane i kommunen.

#### Øyremerka ressursar knytt til tidleg innsats i skulane:

Kommunen har statusmøter 2 gongar i året med dei ulike einingane. På desse møta deltek bla. pedagogar, rektor, oppvekstkontoret og PPT. På desse møta går ein i gjennom alle barna som har tiltak og i tillegg ser ein på klassemiljø og barnegruppa. På bakrunn av desse møta tildelar oppvekstkontoret budsjettetramma til kvar enkelt eining. I tillegg får kommunen statlege øyremerka ressursar knytt til tidleg innsats. Oppvekstkontoret fordelar desse ut på einingane på bakgrunn av elevgrupper og liknande.

Det er rektor ved kvar enkelt skule som på bakgrunn av fordelingsnøkkelen fordelar ressursane på dei klassene/gruppene en ser det som mest hensiktsmessig. Dermed har rektor kvart år ein pott som ein kan bruke på å styrke klassene mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring. Ved skulane ein har vore i kontakt med har desse ressursane bla. vore nytta til styrka personalressurs på 1.- 4.trinn.

#### Støtteressurs i barnehagen:

Kommunalsjef for oppvekst tildelar ekstra ressursar i barnehagen ut i frå søknad frå barnehagen (§19 i barnehagelova) eller etter sakkunnig vurdering frå PPT. Barnehagane gav tilbakemelding om at ein har stort sett fått tildelt dei timane ein har søkt om og tiltaka fungerte tilfredstillande. Tidlegare hadde støtteressursane i kommunen vore bemanna av assistenter, medan no har kommunen faste spesialpedagogar. Enkelte av einingane påpeikte at støtteressursane kunne ved enkelte høve vore organisert meir effektivt ved å tildele alle sakene ved ei eining til ein støttepedagog slik at barnehagen berre har ein støttepedagog og forholde seg til i tillegg til at støttepedagogen då får meir tid i barnehagen og slepp å bruke så mykje tid på reising mellom einingane.

#### Tverrfagleg team:

Kommunen har tverrfagleg team som har møter 2 gonger i året. Dei fleste einingane har eige team, men enkelte har også i samarbeid med andre einingar. Tverrfagleg team skal vere eit lågterskeltilbod der einingane kan be om råd og rettleiing rundt enkeltbarn eller systemsaker. Teamet er samansett frå fagpersonar frå bla. helsestøtta, PPT, barnevern og skule/barnehage. Teamet skal ha fokus på barn og unge og deira livssituasjon for å avdekke behov og setje inn tiltak tidleg. Teamet skal utveksle informasjon både på saksnivå, samt på personnivå primært etter skriftleg samtykke. Tilbakemeldingane frå einingane viste at einingane hadde utbytte og brukte teamet aktivt.

#### Systemretta og førebyggjande arbeid på skular og barnehagar utført av PPT:

På spørsmål om PPT gjennomfører systemretta og førebyggjande arbeid ute i skulane fekk ein tilbakemelding frå einingane at det stort sett ikkje hadde vore gjennomført kursing i høve systemretta arbeid i regi av PPT siste åra, men at enkelte einingar hadde delteke i ulike kompetansehevande tiltak i regi av kommunen og fylket. Alle einingane hadde derimot faste rutinemøter med PPT ute på einingane. Desse rutinemøta vert i stor grad nytta til førebyggjande og kompetansehevande arbeid ute på einingane. Styrar/rektor i samtale med kontaktpersonen i PPT avgjer kva PPT skal arbeide med på rutinemøta. Kor hyppig en hadde rutinemøter med PPT varierte frå eining til eining (frå 2 gongar i halvåret til ein gong i månaden). Tilbakemelding frå PPT viste at ein i samband med trefftida ute på skulane har mykje fokus på lese og skriveopplæringa (observasjon i klasse) og korleis læraren kan skape eit godt klassemiljø.

Enkelte av barnehagane hadde delteke i DUB, barn med utfordring. I tillegg har 5 einingar (3 bhg og 2 skular) og PPT delteke i eit landsdekkande prosjekt i samarbeid med Udir : «*Inkluderende barnehage- og skolemiljø»*, som er eit prosjekt knytt til kompetanseutvikling for barnehagar, skular, myndighet og eigarar om mobbing og andre krenkingar.

I tillegg har det i januar 2018 vore gjennomført rettleiarkurs i å «vere saman» der alle barnehagane i Herøy har delteke med to eller fleire pedagogar. Kurset gir opplæring i korleis ein møter barn på ein god måte og peika på bla. den autoritative vaksenstilen.

#### **Sakshandsamingstid ved tilmelding PPT:**

Tilbakemelding frå einingane Herøy viste at ein at ein ikkje har hatt siste åra har hatt venteliste siste åra. Enkelte av einingane påpeikte at i enkelte tilfeller kunne det gå litt lenger tid en normalt ved sjukmeldingar og liknande. Men einingane var i stor grad tilfreds med sakshandsamingstida til PPT. Det peika på at PPT raskt kjem på banen og er lette å få kontakt med.

#### **Førebyggjande arbeid knytt til mobbing:**

Kommunen har delteke i prosjekt og oppretta beredskapsteam mot mobbing. Kommunen har utarbeida framlegg til rutinar for teamet. På kommunenivå har fagleiar oppvekst og to frå PPT fått opplæring i spekterkartlegging. Spekter er eit ikkje-anonymt verktøy for lærerar, som brukast til å avdekke mobbing og kartlegge læringsmiljøet i ei skuleklasse.

I samband med prosjektet har ein på einingsnivå starta arbeidet med oppretting av innsatsteam på tre av skulane i kommunen ( Ungdomsskulen, Einedalen og Stokksund). Frå kvar enkelt skule skal rektor og to lærerar få kompetanseheving i å forstå, avdekke og løyse mobbing.

Kommunen har utarbeida prosedyre for førebygging og handtering av mobbing i grunnskulen. Det er også utarbeida retningslinjer som skal sikre at dei tilsette i skulen er kjende med aktivitetsplikta som vedkjem elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø jf oppl.i §9A-2. Rektor er ansvarleg for at lova med dei fem aktivitetspliktene vert oppfylt. Kommunen har utarbeida prosedyrebeskriving for dei ulike aktivitetspliktene.

## 6.5.2 Vurdering

### Tverrfagleg team:

Tilbakemelding frå einingane viser dei generelt tenker at det tverrfagelige ressursteamet er eit positivt lågterskelt tilbod og einingane gav tilbakemelding om at ein hadde utbytte av desse.

### Øyremerka ressursar knytt til tidleg innsats i skulane og støtteressurs i barnehagane:

Skulane får tildelt økonomiske rammer på bakgrunn av statusmøter i samarbeid med oppvekstkontoret. Ein del av ressursane vert tildelt skal nyttast opp i mot tidleg innsats/styrking i klasse. Ved barnehagane kan styrar i samråd med foreldre/føresette søke om støtteressursar som oppvekstkontoret vurderer. Tilbakemelding viste at ressursane vart nyitta til tidleg innsats og iverksetting av tiltak i ei evt. førtilmeldingsfase.

### PPT

Tilbakemelding frå skular og barnehagar viser at i høve sakshandsamingstida til PPT var barnehagane og skulane nøgd med sakshandsamingstida knytt til tilmelding og kartlegging ved sakkyndig vurdering, i tillegg hadde ikkje kommunen venteliste. Ved sjukmeldingar og ferieavvikling kunne ein sjå ei lengre sakshandsamingstid. Revisjonen oppfattar derfor sakshandsaminga som stort sett tilfredstillande, men kommunen bør ha som mål at alle saker vert handsama innanfor gjeldande tidsfristar. Under kartleggingsarbeidet er det viktig at borna får tilpassa opplæring og at det vert sett i verk tiltak tidleg, noko ein fekk intrykk av blei gjort i Herøy.

PPT skal drive både med systemretta/førebyggjande arbeid og individretta støtte i form av kartlegging og utarbeiding av sakkunnig vurdering. Det er derfor viktig at det systemretta arbeidet vert retta mot kvar enkelt eining sine behov, og i tillegg ikkje går på bekostning av individsakene. I Herøy har det i liten grad vore gjennomført felles kursing for einingane i regi av PPT, men PPT har faste rutinemøter ute på einingane der ein gjennomfører kompetanseheving og førebyggjande arbeid. Det er positivt at PPT gjennomfører slike rutinemøter og dette kan bidra til at einingane i samarbeid med PPT raskare greier å fange opp born med vanskar og sette i verk tiltak. I tillegg kan PPT gjennom desse rutinemøta drive med kompetanseheving og organisasjonsutvikling ut i frå kvar enkelt eining sine behov.

## 6.6 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:

### 6.6.1 Fakta

#### 6.6.1.1 Barnehage:

##### Lokal rammeplan:

Kommunen har utarbeida ein lokal rammeplan for barnehagane i Herøy kommune (2016-2020). Den lokale rammeplanen skal vere felles og forpliktande for alle barnehagane og skal vere styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving. Den skal vere grunnlag for å utvikle barnehagane sine rutinar og metodar. Dette skal sikre og vidareutvikle kvalitet i den einskilde barnehagen og tek utgangspunkt i den sentrale rammeplanen.

#### **Prosedyrebeskriving i høve barn med behov for ekstra hjelpe og støtte:**

Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. tilvising til PPT og utarbeiding av opplæringsplan og tildeling av ressursar. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i stor grad tilbakemelding om at dette var ein del av dei skriftelege prosedyrane knytt til tidlig innsats.

#### **Kartleggingsverktøy:**

Barnehagane hadde ulike kartleggingsverktøy som vert nytta i undersøkingsfasen og ved bekymring. I alle barnehagane nytta ein bla, verktøya «TRAS» og «Alle med» i bekymringsfasen om det skulle vere behov for det. TRAS er et pedagogisk observasjonsverktøy som skal brukast til å observere barns språkutvikling, medan «alle med» er eit observasjonsskjema som dekker utviklingsområda: Språkutvikling, lek, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktiviteter, trivsel og sansemotorisk utvikling.

#### **4- årsundersking:**

Herøy helsestasjon har utarbeida eit kartleggingsskjema som barnehagen i samarbeid med foreldra fyller ut før borna fyller 4 år. Skjemaet inneheld spørsmål knytt til sosialkompetanse/leik, språk og motorikk og vert sendt til helsestasjonen før 4-års kontroll. Foreldre/føresette skal signere samtykke før barnehagen kan sende skjemaet til helsestasjonen. Barnehagane ein var i kontakt med hadde kjennskap til rutinane og nytta kartleggingsskjemaet aktivt.

#### **Pedagogisk rapport barnehage:**

Kommunen har utarbeida felles mal i høve pedagogisk rapport. Skjemaet er eit obligatorisk vedlegg ved alle nye tilvisingar av individsaker frå barnehage til PPT. Når føresette tilviser eigne barn i barnehagealder, kan PPT be barnehagen fylle ut pedagogisk rapport. Skjemaet skal også fyllast ut når barnehagen ønskjer at PPT skal gjere ei sakkunnig vurdering. Føresette skal ha kopi av rapporten. Rapporten skal bla. innehalde informasjon om korleis barnet fungerer, både språkleg, fysisk og sosialt.

#### **Rutinar for søknad om styrka tiltak til barn i barnehage:**

Kommunen har utarbeida skriftelege rutinar i høve søknad om styrka tiltak til barn i barnehage. I tillegg er det utarbeida felles søknadsskjema der barnbehagen skal beskrive barnet og barnet sitt behov, kva tiltak som har vore prøvd ut (tiltak, resultat og varighet), og kva ressursar det vert søkt om (antal timer/tilskot og kva dei skal nyttast til).

### **6.6.1.2 Skule:**

#### **Strategi for skuleutvikling (2015-2018)**

Kommunen har utarbeida eit strategidokument for skule 2015-2018. Kommunen er no i prosessen med å utarbeide ein revidert plan frå 2019-2022. I samband med arbeidet sette skuleavdelinga i gang eit analysearbeid (SWOT-analyse) av Herøyskulen. Dokumentet inneheld ei analyse over sterke og svake sider, mulegheiter og truslar for Herøyskulen, samt ei individuell kartlegging av dei ulike skulane. I tillegg inneheld dokumentet felles visjon og satsingsområde.

#### **Rutine i høve elevar med behov for særlig tilpassing:**

Kommunen har utarbeida felles rutinar for saksgang knytt til elevar med behov for særlig tilpassing. Dokumentet inneheld tidsfristar, tiltak og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling i samarbeid med PPT, til iverksetting og kartlegging i skulen til evt. oppmelding til PPT, utarbeiding av sakkyndig vurdering og enkeltvedtak, samt evaluering/vurdering.

#### **Kartleggingsprøver:**

Skulane ein har vore i kontakt med har som rutine og gjennomføre både obligatoriske og frivillige kartleggingsprøver utarbeida av utdanningsdirektoratet. For 1.-3. trinn. Ut i frå dei skriftlege rutinane skal det gjennomførast kartleggingsprøve i lesing og rekning på 1., 2. og 3. trinn. På 3. trinn vert det også gjennomført kartleggingsprøve i engelsk. Kartleggingsprøvene er laga for å finne elevar som treng ekstra oppfølging og er dermed også eit verktøy for å hindre at elevar fell frå seinare i opplæringsløpet.

#### **Leseplan:**

Kommunen har tidlegare utarbeida i 2010 ein lokal leseplan for grunnskulen i Herøy. Med bakrunn i den overordna planen har dei ulike skulane utarbeida ein lokal plan. Planen er inndelt i 4 delar der del 1 inneheld mål og vurderingskriteria for 1.-10 trinn. Del 2 inneheld bla. oversikt over ulike læringsstrategiar som kan nyttas. Del 3 inneheld verktøy o rettleiar for utarbeiding av lokal leseplan, medan del 4 inneheld ulike kartleggingar, øvingar, leseprøver og undervisingsprogram for elevar med spesifikke lesevanskar.

Dei to skulane revisjonen har vore i kontakt med hadde utarbeida eigne leseplanar for alle klassetrinna. Planane inneheld læringsmål, forskjellige arbeidsmåtar/lærerestrategiar, ulike læremiddel, materiell og ressursar som kan brukast på dei ulike klassetrinna. Vidare for kvart enkelt trinn inneheld planen også ulike kartleggingstestar/vurderingar.

### **6.6.2 Vurdering**

Kommunen hadde i både barnehage og skule skriftlege prosedyre/rutinar i høve barn/elever som treg ekstra hjelp og støtte/tilpassa opplæring.

Seksjon barnehage har utarbeida ein felles lokal rammeplan for barnehagane i Herøy kommune. Rammeplanen i tillegg til den sentrale rammeplanen (nasjonal) gir føringar for korleis barnehagane skal arbeide innanfor ulike emne som bl.a., leik, læring og språk. Ein

felles og forpliktande rammeplan vil kunne vere med på å styre alle barnehageeiningerane mot felles mål, rutinar og metodar. Dette vil kunne bidra til mindre forskjellar i barnehagetilbodet. Kommunen har utarbeidd og gjennomfører no ei revidering av strategidokumentet for skuleutvikling. No som kommunen har slått saman barnehage- og skuleseksjonane i sektor for oppvekst bør kommunen vurdere om ein i strategiarbeidet bør utarbeide ein felles skrifteleg kvalitet-/strategisplan for oppvekstsektoren (både barnehage og skule). Ein slik plan vil kunne bidra til at ein får meir felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve til bla. tidleg innsats gjennom heile utdanningsløpet. Slik felles kvalitetsplan har bla. vore utarbeidd og implementert i Hareid og Volda og ein har fått positive tilbakemeldingar på dette arbeidet.

Kommunen har utarbeida ein overordna leseplan og skulane ein har vore i kontakt med hadde eigne lokale leseplanar basert på den overordna planen. Det er positivt at ein har fått på plass eit felles kartleggingsverktøy/handlingsplan både ved overføring av elevar frå klasse til klasse og evt. frå skule ved at lærerane har kjennskap til kartleggingsverktøya som er nytta tidlegare.

I barnehagane såg ein i hovudsak at det vart nytta dei same kartleggingsverktøya i alle einingerane (både kommunale og private). Den lokale rammeplanen gir ikkje direkte informasjon i høve kartleggingsverktøy og oppfølging av born ein er bekymra for. Eit felles system for observasjon og kartlegging i barnehagane kan vere med å sikre ei god utvikling av språk og sosial kompetanse i barnehagane. Kommunen bør derfor vurder om det er hensiktsmessig å utarbeide ein felles overordna plan i barnehagane knytt til språk og sosial kompetanse (samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre), evt. revidere/utvikle den lokale rammeplanen slik at den omfattar desse emna.

## 6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule

### 6.8.1 Fakta

Både rektorer og barnehagestyrarar fekk spørsmål knytt til PPT sine sakkyndige vurderingar. Dei fleste rektorane og barnehagestyrarane meinte at dei sakkyndige vurderingane var gode og at ein har utbytte av dei. Alle einingerane gav tilbakemelding om at ein i dei aller fleste tilfelle følgjer anbefalingane til PPT i samband med utarbeiding av enkeltvedtak.

I samtale med barnehagane og skulane fekk ein også tilbakemelding om at PPT stort sett kom raskt i gong ved tilmelding og at sakshandsamingstida var tilfredstillande. Det blei av enkelte påpeika at det hadde gått for lang tid i nokre saker og at dette skuldast i hovudsak sjukmeldingar i PPT, men generelt sett var einingerane nøgde med sakshandsamingstida.

### 6.8.2 Vurdering

Barnehagar og skular har tidlegare opplevd dei sakkyndige vurderingane stort sett som gode, og einingerane var generelt sett nøgde med sakshandsamingstida.

## 6.9 Konklusjon

PPT har faste rutinemøter ute på einingane der ein assisterer og tilbyr tenester ut i frå einingane sine behov og ønsker mht, systemretta og førebyggjande arbeid. Barnehagar og skular beskrev i stor grad samarbeidet med PPT som godt og at ein generelt sett var nøgd med sakshandsamingstid og dei sakkyndige vurderingane.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette. Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule. Kommunen har utarbeida lokal rammeplan for barnehagane i kommunen og skulane ein kontrollerte hadde lokale leseplanar på kvar enkelt eining. Kommunen bør vurdere om det kan vere hensiktmessig og utarbeide ein felles kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren. Ein bør også vurdere om det bør utarbeidast felles handlingsplan/kartleggingsplan i høve språk og sosial kompetanse i barnehagane, og knytt til lese og skriving i skulane.

Ved dei to skulane ein har kontrollert oppfyller ikkje kommunen krava til utdanningsdirektoratet i høve antal timar leksehjelp i veka. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at ein oppfyller krava i høve leksehjelp ved alle skulane.

## 7 Problemstilling 2

### I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

#### 7.1 Innleiring:

I dette kapittelet går det fram revisjonskriterium, data og vurderingar om korleis det er lagt til rette for god overgang til skulen. Kva som er gode overgangar vert utdampa i kapittel 2.2 der dei ulike revisjonskriteriene som vi har nytta for å belyse dette emnet.

#### 7.2 Revisjonskriterium:

Revisjonskriteria under denne problemstillinga er hovudsakeleg henta frå barnehagelova, opplæringslova, rettleiar for tidleg innsats «frå elds til yngst», forvaltningslova og personvernlova. Nedanfor har ein teke ut dei viktigaste momenta frå dei ulike lovane og rettleiaren som revisjonen vil kontrollere opp i mot.

##### 7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule

Tidleg innsats er eit gjennomgåande tema i denne undersøkinga og overgangen mellom barnehage og skule er ein særskilt del av skuleløpet. I 2008 blei det utarbeida ein rettleiar med fokus på tidleg innsats, « Frå eldst til yngst» som har som mål å styrke samanhengen mellom barnehage og skule, og skape ein god overgang for barn når dei startar på skulen. Dei nye elevane kan kome frå barnehagar i skulen sitt opptaksområde og dei kan kome frå

barnehagar andre plassar i kommunen. Dei kan også kome frå private barnehagar, og enkelte barn treng ikkje å ha bakgrunn frå barnehage.

Kommunen har derimot eit ansvar for å legge til rette for ein god skulestart for alle barn i kommunen uavhengig av bakgrunn. Rettleiaren er tydeleg på at målet ikkje er å unngå overgangar, men å unngå at dei blir så store at barnet ikkje kan mestre dei.

Rettleiaren anbefaler ein plan på kommunenivå som inneholder premissane for overgang mellom barnehage og skule. Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid om overgangar, og den bør legge til rette for samarbeid mellom styrar i barnehage og rektor i same opptaksområde.

Rettleiaren anbefaler vidare at barnehagestyrarar og rektor ved dei ulike skulane tek ansvar for systematisk planlegging og oppfølging av overgangen mellom barnehage og skule. Kommunen, barnehagane og skulane sine planar bør bla. innehalde eit opplegg for ulike arrangement der barna får møte kvarandre og dei vaksne som dei skal ha mest kontakt med i skulekvardagen, og legge til rette for at dei får bli kjent med skolemiljøet og innhaldet i skulekvardagen.

Rettleiaren sei derimot ikkje noko om barn som ikkje går i barnehagar i kommunen, eller som ikkje går i barnehage i det heile. Ein meiner det er viktig at kommunen og den enkelte skulen tek ansvar for å involvere alle barn som skal starte på ein av kommunen sine skular.

Barnehagar og skular kan overføre tausheitsbelagt informasjon dersom dei har samtykke frå den det gjeld. Det står i forvaltningslova § 13 a nr 1. «*For barn under 15 år er det foreldrene som gir samtykke. Når barnet er fylt 15 år, er det normalt tilstrekkelig med barnets samtykke for å overføre taushetsbelagte opplysninger*». Krav om samtykke er regulert i personopplysningslova §2. nr 7. Her går det fram at samtykket må vere frivillig, uttrykkelig og skriftlig.

### 7.2.2 Oppsummert:

- Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synliggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).
- Alle barn bør få eit tilfredstillande møte ved skulen.
- Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.

## 7.3 Fakta:

### 7.3.1 Overgangsplan mellom barnehage og skule

I samband med intervju av rektorer og barnehagestyrarar etterspurte ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Ved einingane blei det vist til kommunen sin felles

handlingsplan for overgang barnehage/skule. Planen inneholder informasjon om ansvar, tidsfristar og tema/tiltak og aktivitetene går fram nedanfor:

Tidsfrist	Tiltak / handling	Ansvar
September	<b>Foreldremøte i barnehagen</b> -Barnehagen informerer om samarbeidet med skulane. -Barnehagen har eit felles skjema der foreldra skal skrive under på at dei godkjenner at informasjon vert overlevert. Om det er spesiell informasjon som skal leverast vidare om eit barn, skal foreldre til barnet godkjenne dette på førehand.  -Er det «usikkerheit»/bekymring rundt barn, vurderer barnehagen og foreldra om det skal drøftast med PPT.	Barnehage
November	<b>Samarbeidsmøte i barnehagen for barn med særskilte behov</b> - Heim/barnehage/PPT/skule deltek. Skulen skal møte for å få informasjon tidlegast mogeleg før skulestart. -Dersom det er ansvarsgruppe rundt barnet skal rektor på mottakarskule kallast inn til ansvarsgruppe siste barnehageåret.	Barnehage
15. Desember	<b>Halvårvurdering</b> -Frist for halvårvurdering for hausthalvåret -Evt. revidering av IOP	Barnehage
Januar	<b>Innskriving i skulen</b> - Barn og foreldre får brev med innkalling og eit skjema som blir levert under innskrivinga. -Rektor gjer eventuelt ny avtale med foreldra dersom det viser seg behov for meir informasjon. (Ein tek ikkje opp eventuelle vanskar barnet har ved innskriving).	Skule
Februar	<b>Samarbeidsmøte barnehage/skule/PPT</b> - Pedagogane i barnehagane og skulane og PPT skal ha eit møte på kveldstid kvart 2. eller vart 3, år. Barnehage og skule skal presentere innhald, mål og metode i barnehage og skule for å gi barna læring og utvikling i samsvar med lovverket. PPT har også eit innlegg om samarbeid til barnet sitt beste. Drøftingstema: Kva bør barnet mestre/ha erfaring med før det byrjar i 1.klasse.	Barnehage, skuleavdeling og PPT
Februar/tidleg mars	<b>Samarbeidsmøte/ansvarsgruppemøte (utvida)</b> - Møte mellom foreldre, barnehage, skule og PPT der ein drøftar kva som er viktig for barnet i høve overgang til skule.	Barnehage
Slutt av mars	<b>Søknad ressursar</b> Søknadsfrist for ekstra ressursar også til første skuleår. Byggjer på barnehagen sin utarbeidde IOP for barn under §19a «Lov om barnehager». PPT si sakkyndige vurdering og nye behov som eleven vil møte i skulen. -Skulen sender samla ein søknad om behov for ekstra ressursar, som i tillegg skal belyse elevar med ITP og spesielle behov. (i samråd med/løyve frå foreldre) Skulen har ansvar for å sende søknad til skuleavdelinga.	Skule
Slutt april/start mai	<b>-Skulen informerer aktuelle barnehagar om dato for førskuledag/besøksdag</b>  -Frist for å melde inn til skulane kor mange barn som skal starte der. Deretter avtalte dato for møte der ein kan utveksle informasjon om	Skule Barnehage

	enkeltbarn/gruppe. Dersom ein skal navngje nokon av barna, må dette vere klarert med foreldra. Viss barnehagerepresentant ikkje kan møte, må det lagast eit skrifteleg notat til skulen (med kopi til heimen/løyve frå foreldre).	
Mai/juni	<p><b>Førskuledag</b> Seinast i løpet av mai sender barnehagane kartleggigngsskjemaet som gjeld alle barn til aktuell skule.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dei enkelte skulane har førskuledagar eller besøksdag.</li> <li>- Skulane sender invitasjon heim til barnet, og informasjon om møtetidspunkt og innhald til barnehagane.</li> </ul> <p><b>Drøftingsmøte</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Drøfting av IOP for 1.skuleår med foreldre, barnehage og skule, med utgangspunkt i tilråding og enkeltvedtak.</li> <li>- Frist for å sende IOP til heim, skule, skuleavdeling og PPT om barn som har enkeltvedtak etter barnehagelova §19a.</li> <li>-Etter innhenting av løyve frå foreldra tek skulen kontakt med barnehagen der ein treng meir informasjon om enkeltbarn (eks. der det ikkje har vore overføringsmøte)</li> </ul>	<p>Skule</p> <p>Barnehage( skulen kan revidere planen f.løpende)</p> <p>Skule</p>

Alle einingane ein var i kontakt med viste til planen og gav tilbakemelding om at ein nytta den aktivt i overgangsarbeidet.

Ein ønskte å få ei beskriving av dei tiltaka/aktivitetane en gjennomfører i samband med overgang barnehage/skule. Generelt fekk ein tilbakemelding om at overgangsplanen vart følgt og at det i hovudsak er rektor og styrar i barnehagane som har dialog og kontakt i overgangfasen og spesielt retta mot born med vanskar/utfordringar. I tillegg gav alle skulane og barnehagane tilbakemelding om at det vert gjennomført minst eit skulebesøk /førskuledag kvart år. Det generelle intrykket ut i frå tilbakemeldingane frå einingane viste at dei i varierande grad involverte framtidig kontaktlærar i overgangsarbeidet og dialog med barnehagane i høve førskulegruppa. Enkelte einingar involverte kontaktlærar, medan andre i liten grad gjorde det. Administrasjonen har gitt tilbakemelding på at kontaktlærar skal delta på overføringsmøta i mai/juni . I dei tilfelle ein ikkje har fått på plass ny kontaktlærar før ferien skal desse gjennomføre overføringsamtale med barnehagen i august.

I kommunen sin overgangsplan har ein rutinar for å overføre informasjon om elevar med særskilde opplæringstiltak i november. Derimot vert informasjon knytt til barn som krev mindre grad av tilrettelegging teke på fageleg overgangsmøte i mai/juni.

Det vart også vurdert om kommunen hadde rutinar for å fange opp barn som ikkje går i barnehage for å sikre at disse får same tilbodet som barnehageborna. Det går ikkje fram av den skriftlege overgangsplanen kven som er ansvarlege for å fange opp desse barna utanom at skulen er ansvarleg for å sende invitasjon til foreldre/føresette mtp. innskrivingsdag. I samtale med einingane var det også uklart kven som har svaret mht. barnetalslister og fange opp barna som ikkje går i barnehage. Tilbakemelding frå skuleadministrasjonen viser

at desse borna vert fanga opp gjennom 4 års og 6 års undersøkingane som helsestasjonen gjennomfører og gjennom tverrfagelig team. Kommunen har skriftelege rutinar knytt til dette.

### Vurdering: overgangsplan mellom barnehage og skule:

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Alle einingane hadde kjennskap til planen og nyttet den aktivt .

Det går ikkje fram av planen at kontaktlærar skal delta på samarbeids- og informasjonsmøte i mai/juni eller august, men administrasjonen har gitt tilbakemelding på at dette skal gjennomførast. Kommunen bør innarbeide desse rutinane i overgangsplanen og implementere dei ute på alle einingane. Einingar som hadde involvert kontaktlærar hadde positive erfaringar frå dette. Samarbeidsmøter der kontaktlærar er involvert kan gjere vedkomande betre forberedt på eventuelle utfordringar ein kan møte ved skulestart og ikkje minst lettare fange opp eventuelle «gråsone» born/elevlar.

### 7.3.2 Samarbeid mellom barnehage og skule.

Dei ulike einingane beskrev i stor grad samarbeidet ved overgang barnehage til skule som godt. I tillegg til overgangsplanen har kommunen utarbeida overleveringsrutinar mellom barnehage og skule:

1	Barn med spesialundervisning skal ha overføringsmøte med skulen i november- året før skulestart. Dersom det er ansvarsgruppemøte rundt barnet skal rektor på mottakarskule kallast inn til ansvarsgruppe siste barnehageåret.
2	Elevlar som bhg har ei bekymring for i forhold til utvikling språkleg, motorisk eller sosialt- men som ein ikkje har inne tiltak om spesialundervisning for, skal meldast til skulane innan utgangen av mars. Barnehagen skildrar då: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva går vanskene/vanskane ut på?</li> <li>• Er bhg styrka i forhold til barnet i forhold til barnehagelova- utan at dei har spesialundervisning. I så fall kva tiltak?</li> <li>• Har barnehagen meldt barnet opp for utgreiing av PPT- utan at saka er ferdigbehandla der?</li> </ul>
3.	Lærarane ønskjer å møte ped. leiarane i løpet av våren, der ein mellom anna får høve til å spørje utfyllande om opplysningar frå overleveringsskjema. Skulen ønskjer i dette møtet, opplysningar om korleis barnegruppa fungerer sosialt og i førskuleaktivitetar.

Kommunen har utarbeida samtykke/overleveringsskjema som vert nyttet i overgangsarbeidet. Alle barna vert kartlagt i høve overgang til skule i forhold til ulike punkt bla. i høve sosial kompetanse, motorikk og språkutvikling. Skjemaet skal signerast av ped.leiar som har gjennomført kartlegginga og foreldre/føresette skal signere samtykke for at barnehagen kan sende skjemaet med opplysningane til skulen.

Kommunen har etter at skule og barnehage inngjekk i same sektor gjennomført felles leiarmøter for barnehagar og skular ein gong i månaden. Møta er todelt med først ei fellesøkt og deretter ei deling i barnehagar og skular. Styrarane i dei private barnehagane deltek på delen som gjeld barnehagar.

Barnehage, skule og PPT skal kvart 2. eller kvart 3. år gjennomføre samarbeidsmøte for pedagogane i barnehagane og skulane (sist gjennomført i 2016). Barnehage og skule skal presentere innhald, mål og metode i barnehage og skule for å gi barna læring og utvikling i samsvar med lovverket. PPT har også eit innlegg om samarbeid til barnet sitt beste.

Drøftingstema: Kva bør barnet mestre/ha erfaring med før det byrjar i 1.klasse.

### **Vurdering: Samarbeid mellom barnehage og skule:**

Tilbakemelding frå einingane tydar på eit godt samarbeid mellom barnehagane og skulane. Dei skriftlege overgangsrutinane vert følgje og einingane har felles leiarmøter som bidreg til eit tettare samarbeid. Både mtp. å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap.

Barnehagane utarbeider samtykkeerklæringsskjema som inneholder kartleggingsinformasjon for kvart enkelt barn. Det at kartleggingsskjemaet inneholder konkret informasjon om kva opplysningar som blir overført vil kunne bidra til at foreldre/føresette i mykje større grad vert trygge på kva informasjon som vert overført, i tillegg vil eit slikt detaljert skjema føre til at skulane i etterkant av overgangssamtalen sitt med skrifteleg informasjon som lærerane kan nytte i arbeidet fram mot, og etter skulestart. Dette vil kunne bidra til at alle borna vert fanga opp på ein tilfredstillande måte.

### **7.3.3 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette**

Tilbakemeldingane frå einingane viste at både barnehagar og skular gjennomfører foreldremøter (samlø) og foreldresamtaler og det er hovudsakeleg her ein opprettar dialog/samarbeid med foreldra. Ved bekymring eller oppmelding til PPT vert det gjennomført fleire møter etter behov og foreldre og skule blir involverte i kartleggingsarbeidet til PPT.

I barnehagane har ein minimum eit til to faste foreldresamtaler pr år og gjerne meir om ein føler ein treng det. I tillegg har ein eit felles foreldremøte på hausten der ein presenterer oppleget for overgangen mellom barn og skule.

Alle barnehagane uttrykte at dei hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldra i samband med kartleggingsskjemaet som vert sendt over til skulane. Dette inngår også som ein del av overgangsplanen (september).

I skule har ein også foreldremøter og utviklingssamtaler med foreldra i løpet av året. Det blei opplyst om at ein har låg terskel for å ta opp bekymringar med foreldre når ein er bekymra for utviklinga til eit barn. Foreldre får også delta i kartleggingsprosessen til PPT i høve sakkyndig vurdering og får kome med innspel. I overgangsplanen går det fram at skulane sender invitasjon i høve innskriving til foreldre og føresette.

I samband med leksehjelp såg ein ingen rutinar knytt til informasjonsoverføring mellom den som gjennomfører leksehjelpa og foreldre/føresette.

## Vurdering: Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette

Alle barnehagane gav utsyn for at ein hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldre ved overgangssamtale. Dette inngår også i dei skriftlege rutinane i kommunen. Overgangskjema inneheld konkrete detaljar over kva informasjon som vil bli overført.

Både skule og barnehagar har dialog og kontakt med foreldra gjennom foreldremøter og utviklingssamtaler. Foreldre blir involvert i kartleggingsarbeidet til PPT knytt til tilmelding og utarbeiding av sakkyndig vurdering.

### 7.4 Konklusjon:

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad. Kommunen bør vurdere om planen burde reviderast mht. tydelegare ansvarsfordelingar mht å fange opp born som ikkje går i barnehage. Dei fleste einingane gav tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i varierande grad vore involvert i førskulearbeid/aktivitetar. Ein bør derfor vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalene mellom einingane i større grad enn tidlegare.

Kommunen har rutinar for at foreldre/førestvette signerar samtykkeerklæring ved informasjonsoverføring mellom bhg og skule. Samtykkeskjemaet inneheld konkrete detaljar over kva informasjon som vert overført.

## 8 Problemstilling 3

### I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

## 8.1 Revisjonskriterium:

Lov og forskrift for PPT angir ikkje kor lang tid sakshandsamingsprosessen kan ta. ST.melding nr 18. (2010-2011) *Læring og fellesskap* anbefaler at kommunen bruker intill tre månadar på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak.

Sidan formell sakshandsamingsfrist ikkje er gitt, blir det ikkje registrert sakshandsamingstida ved landet sine PP-tenester i statistikk, Det går ikkje fram informasjon verken i GSI (grunnskolens informasjonssystem) eller KOSTRA.

### Oppsummering:

- PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT

## 8.2 Fakta:

### 8.2.1 Organisering

Herøy hadde 5,05 årsverk knytt til stillinga i 2017. Ein har motteke ei oversikt over dei ulike stillingane i eininga. Eininga har ei 100% stilling knytt til leiar/sakshandsamar. I tillegg har ein 5 sakshandsamarstillingar med ulik stillingsprosent (totalt 3,55 årsverk) og ein merkantil tilsett i 50% stilling.

Stillingsprosentar Herøy PPT 2017	
Leiar/sakshandsamar	100
Sakshandsamar	100
Sakshandsamar	100
Sakshandsamar	75
Sakshandsamar	50
Sakshandsamar	30
Merkantil tilsett	50
<b>SUM</b>	<b>505</b>

I samband med prosjektet ønskte ein også informasjon om sakshandsamingstid og kapasitet. Det blei bla. stilt følgjande spørsmål til PPT:

- Kor mange tilvisingar/ tilvisingar hadde PPT dei fire siste skuleåra ( 12/13, 13/14, 14/15, 15/16)?
- Kor mange tilvisingar var i grunnskulen og kor mange var i barnehage/førskule?
- Kor mange sakkyndige utredningar har PPT gjennomført dei fire siste skuleåra ( 12/13, 13/14, 14/15, 15/16)?
- Kor lang er den gjennomsnittlege sakshandsamingstida frå tilvising av førskule-/skuleelever til endeleg vedtak ligg føre?
- Kor raskt kjem ein i gong med kartleggingsarbeidet? Har kommunen hatt utfordringar siste åra med venteliste?

## 8.2.2 Tilvisingar

Nedanfor går det fram ei oversikt over totale tilvisingar dei siste fire skuleåra i Herøy. I talet på tilvisingar ligg alle tilvisingar i skulen (ikkje berre elevar 1.-4. klasse). Talmaterialet er utarbeida av PPT .

Talet på tilvisingar			
	Skule	Barnehage	Totalt
2012/2013	41	5	46
2013/2014	24	8	32
2014/2015	26	6	32
2015/2016	28	13	41

Ein registrerte flest tilvisingar i 2012/2013 (46stk) deretter var det ein reduksjon i antal tilvisingar i 2013/2014 og 2014/2015 (32stk). I 2015/2016 var det totalt 41 tilvisingar for dei fire skuleåra såg ein ei gradvis auke i antal tilvisingar i barnehagane.

### Merknad til tala utarbeida av PPT:

I tilvisingsskjema for PPT merkar skulen og barnehagen av om dei ønskjer hjelp til observasjon og rettleiing av personale. DVS. at PPT ut i frå tilvising kjem ut i skule og barnehage og kartlegg barnet og rådgjev skule og barnehage for korleis dei kan leggje til rette innanfor ordinær opplæring. Både i skule og barnehage har vi styrkingstiltak som vert sett i gang innanfor ordinær undervisning etter eigen og PPT sine kartleggingar.

Barnehagebarn vert ofte tilvist PPT fordi helsesøster/BHG eller foreldre ønskjer hjelp frå logoped. Desse barna er også i talet. Dei vert tilvist logoped og får sine tenester der utan at barnehage eller skule har gjort einskildvedtak om dette.

I skulen vert elevar som er tilviste PPT, som er under kartlegging eller er ferdig kartlagde opp følgd i klassa på PPT sine trefftider og i statusmøter 2 gongar i året der PPT/skule og oppvekstavdelinga går gjennom tilbodet for alle elevar som har opne saker i PPT sitt system.

## 8.2.3 Ventetid og venteliste

Tilbakemelding frå einingane Herøy viste at ein var nøgd med sakshandsamingstida til PPT. PPT gav tilbakemelding om at ein siste åra ikkje har hatt venteliste

### 8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering)

Eining	2012/2013	2013/2014	2014/2015	2015/2016
Barnehagar	11	10	9	6
Nerlandsøy skule	7	3	2	3
Bergsøy skule	21	18	13	11
Einedalen skule	9	8	9	11
Stokksund skule	12	14	10	13
Leikanger skule	4	3	3	3
Moltu skule	3	2	2	5
Ytre Herøy ungdomsskule	15	20	16	27
<b>Sum Offentlege</b>	<b>82</b>	<b>78</b>	<b>64</b>	<b>79</b>
Møre barne og ungdomsskule	5	6	5	10
<b>Sum totalt</b>	<b>87</b>	<b>84</b>	<b>69</b>	<b>89</b>

Tabellen viser antal sakkyndige vurderingar gjennomført av PPT dei siste fire skuleåra. Ein såg ein markant nedgang i antal gjennomførte vurderingar skuleåret 2014/2015 (totalt 69 stk). For dei tre andre skuleåra heldt antal sakkyndige vurderingar relativt stabilt (84-89 vurderingar).

Når det gjeld sakshandsamingstid fekk ein tilbakemelding frå PPT:

«Etter at tilmeldinga er komt inn til PPT, blir den tatt opp på internmøte der ein tildelar saksbehandlar (90% av tida i løpet av ei veke). I dei fleste sakene, før tilvisinga kjem har PPT vore på drøftingsmøte på skulen eller i barnehagen. Drøftingsmøte er ein type førttilvisningsmøte der ein vurderer saman med skulen/barnehagen om det er behov for PPT eller om det er andre instansar/tiltak som burde komme inn.

Sakshandsamar er i kontakt med skulen/bhg og foreldra i løpet av få veker. Om PPT leiar vurderer saka som prioritet, kjem vi i gong med arbeidet ofte same veka tilvisinga kjem. Om det er problem med kapasitet, sender vi brev til tilvisar og foreldre og informerer når vi kan kome i gong med arbeidet.

I Herøy kommune jobbar vi veldig for å få til praksis der PPT ikkje blir overraska med ny tilvising, men at vi er i kontakt med skulen og jobbar førebyggjande og hjelper dei med tiltak allereie før ein skal konkludere at eleven/barnet treng hjelp av PPT. Målet er å komme tidleg inn. Derfor har kvar skule/barnehage ein kontaktperson frå PPT, vi gjennomfører regelmessig trefftid der det er lav terskel for å drøfte ting og få hjelp.

Sakshandsamingstid varierer frå sak til sak. Sakshandsamar tek kontakt med skulen i høve kartlegging som blei gjort på skulen, snakkar med lærar, gjennomfører foreldresamtale og ofte barn/elevsamtale. I barnehagen er det alltid aktuelt med observasjon, på skulen varierer dette.

*Sakshandsamingstid er også avhengig av tverrfageleg samarbeid med andre instansar som barnevernet, BUP, barnehabiliteringa, helsestasjon, kommunepsykolog og liknande. PP-rådgjevar vurderer riktig kartlegging i høve vanskane til barnet/elev og samarbeider med skulen og foreldra om dette. Ein vil da kunne konkludere og rettleie skulen og foreldra i høve tiltak vidare.*

*Sakshandsamar konkluderer med rett/ikkje rett til spesialundervisning og informerer om dette til foreldre, skulen/v rektor og barnehage/ v styrar og skulekontoret i kommunen. Vi har god dialog kring dette i kommunen, slik at alle er klar over behovet. Endeleg vedtak skal då ligge innan tre veker, uansett om konklusjonen er rett eller ikkje rett til spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp. Kommunen har prosedyrar kring dette.»*

### **8.3 Vurdering:**

ST.melding nr 18. (2010-2011) «Læring og fellesskap» anbefaler at kommunen bruker inntil tre månader på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak. I Herøy kommune har ein fått tilbakemelding frå skulane og barnehagane at PPT i dei fleste tilfelle kjem raskt i gong med mtp. oppstartsmøte og kartlegging. PPT har siste åra ikkje hatt venteliste. PPT har signalisert at ein jobbar førebyggjande og hjelper einingane med tiltak allereie før ein konkludere at eleven/barnet treng hjelp av PPT.

Ut i frå tilbakemeldingane til PPT er det ikkje mogeleg å hente ut statistikk frå datasystemet på ein god og effektiv måte. Derfor er det ikkje mogeleg å kontrollere om ein er innanfor 3 månadar i høve sakshandsamingstida og ein kan derfor ikkje konkludere på dette emnet.

Sakshandsamingstid kan i seg sjølv vere ein dårleg indikator på kvaliteten i tilbodet som blir gitt. En bakgrunn for dette er blant anna at eit økt fokus på systemretta arbeid og tidlig innsats er med på å gjøre sakshandsamingstida lengre, ved at det går med meir tid til utprøving av ulike tiltak i bekymringsfasen. Dette kan opplevast som at saken er «under handsaming», sjølv om den formelt sett ikkje er tilmeldt til PPT. Særlig for foreldre kan dette være med på å gi ei oppleving av lang saksgang, samtidig som det også kan gi ei oppleving av at ein er raskt i gong med tiltak.

### **8.4 Konklusjon**

Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. En kan derimot ikkje konkludere på om PPT held fristen i høve sakshandsamingstid på tre månadar.

## 9 Anbefalingar

1. Overgangsplanen bør innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage.
2. Kommunen bør vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
3. Kommunen bør setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar mht. antal timar leksehjelp ved alle skulane.

## 10 Rådmannen sin kommentar

Anbefalingane revisjonen kjem med, er mottatt og forstått.

Pkt 1 vil kunne bli handert raskt, dette handlar om å revidere rutinen på dette punktet.

Pkt 2 må vurderast i samband med revisjonar av gjeldande dokument for hhv barnehage og grunnskule. Vi opplever ikkje denne som akutt, sidan der allereie er god samordning i mål og strategiar på overordna nivå, samt god samhandling mellom leiatar og pedagogar i barnehagar og grunnskular.

Pkt 3 vert handert i samband med tildeling av ressursar til grunnskulen for komande skuleår. Tilbodet om leksehjelp i tråd med lova, vil dermed bli gitt. Kvar rektor må så vurdere effektiv organisering på dette området som på alle andre område, i forhold til kor mange elevar som melder seg på dette frivillige tilbodet.

Eg vurderer dette som endeleg tilbakemelding, med mindre det er andre tema revisjonen ønskjer utfyllande informasjon om.

Helsing

**Sølv Lillebø Remøy**

Kommunalsjef

Oppvekst